Kommunen si organisering inneberer at alle som får delegert ansvaret kan gjere innkjøp. For å sikre at kommunen sine interesser vert tatt vare på ved alle anskaffingane, fordrar organiseringa at det er oppdatert kompetanse i regelverk og innkjøpsfag hos mange personar. Denne organiseringa kan medføre stor personavhengnad i etterlevinga av anskaffingsregelverket. Trass i dette vurderer vi at det er sette i verk tilstrekkeleg tiltak som set dei tilsette i stand til å ta vare på sitt ansvar. Her refererer vi til internkontrolltiltak som definering av ansvar, tilstrekkeleg detaljerte prosedyrar som gjerast kjent og haldast oppdatert, samt opplæring i anskaffingsregelverket. Vi vurderer det også som positivt at prosjektgruppa i einingane sitt med omfattande erfaring og kompetanse, noko prosjektleiarene kan støtte seg på og nytta som sidemannskontroll i anskaffingsprosessen.

Innkjøpskoordinatoren i Stord kommune har ikkje noko bestemt funksjon overfor innkjøpsarbeidet i einingane, anna enn å ha ein rådgivande funksjon, samt stille med anskaffingsrettleiaren. Sunndhordaland innkjøpsforum har heller ikkje noko bestemt funksjon overfor innkjøpsarbeidet i einingane, anna enn å stille med innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement, og ein innkjøpskonsulent som kan bidra inn mot gjennomføring av anskaffingar på førespurnad frå bestiller kommunen/einingane. Etter vår vurdering kan det vere behov for å gjere tydeleg korleis støttefunksjonane i innkjøpsarbeidet skal/kan nyttast av prosjektleiarene.

Innkjøpskontoret og innkjøpskonsulenten i innkjøpsforumet kan brukast til dels til støtte i anskaffingsprosessen på førespurnad frå tilsette, men slik vi ser det er det ikkje definert at støttefunksjonane skal involverast underveis, *når* dei skal/bør involverast, eller kva funksjon desse skal ha overfor avdelingane i samband med anskaffingar. Dette gjeld kanskje særleg innkjøpskonsulenten i innkjøpsforumet som kan nyttast på førespurnad frå kommunane. Stillinga vart oppretta i august 2017, og dette må tas i betraktning når vi vurderer kor godt innarbeida bruk av denne rådgivande funksjonen er i einingane i kommunen. Vår vurdering er at det kan vere tenleg for anskaffingsarbeidet i einingane viss støttefunksjonane vart meir involvert i prosessane. Vi ser at dette kan vere utfordrande da anskaffingane som gjennomførast i einingane fordrar fagkunnskap, men det kan vere positivt om einingane involverer støttefunksjonane til å kvalitetssikre det anskaffingsrettslege aspektet ved innkjøp i større grad. Som skildra i denne revisjonen, finn vi mellom anna at det er valt feil prosedyre for to anskaffingar. Dette er tilhøve som kune ha vore unngått ved ekstra kvalitetssikring. Med bakgrunn i god praksis for internkontroll vurderer vi at dette er spørsmål som må avklårast gjennom avhjelpande retningslinjer og konkrete rutinar.

Samla sett er vår hovudvurdering at det i hovudsak er samsvar mellom den desentraliserte organiseringa av innkjøpsarbeidet i kommunen og tiltaka kommunen har etablert for å sette dei tilsette

i stand til å ta vare på sitt ansvar, mellom anna definering av ansvar, skriftlege prosedyrar og målretta opplæring. Men einingane kan bli flinkare til å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten i større grad for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessen.

4. Kontraktsoppfølging

4.1 Revisjonskriterier

I kapittel 4 besvarer vi problemstilling 3, "korleis og i kva grad er kontraktsetterleving systematisk følgd opp?" Som revisjonskriterier har vi nytta:

- ✓ Kommunelevens § 23 om administrasjonssjefens internkontroll
- ✓ Difis veiledning om offentlige anskaffelser
- ✓ Rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane"
- ✓ Vilkår i de enkelte kontrakter

For utdyping av revisjonskriteriene, med unntak av kontraktinnhold, viser vi til vedlegg 3 del B.

4.2 Fakta

4.2.1 Innleiing

For å skildre korleis kommunen følgjer opp kontraktar, har vi gjennomgått praksis knytt til totalt fem utvalde avtalar inngått av Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom.

Fram til 1. januar 2016 var kommunalteknikk og eigedom organisert i egne kommunale føretak. Dei hadde då egne rutinar og prosjekthandbøker kor roller og ansvar i høve til kontraktsoppfølging var omtala. Ein nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon innanfor prosjektstyring påpeikte veikskap ved desse dokumenta. Stord kommune er no i ein prosess kor dei skal etablere eit felles system med rutinar og prosjekthandbøker for einingane. Kommunen påpeiker at dette er fornuftig fordi prosjektleiarprosessen er felles for heile kommunen, og med det kan også prosjekthandboka vere det. Kommunen opplyser vidare at Stord kommunalteknikk er organisert slik at prosjektleiarane, avdelingsleiar og prosjektansvarleg har felles fora og arena kor problem som er av både fagleg og kontraktuell art vert drøfta og løyst.

I kvalitetssystemet er ulike sider ved organiseringa av prosjekt skildra, mellom anna rollar og ansvar, samt aktivitetar i kontraktoppfølgingsprosessen. Prosjektleiar i eit prosjekt blir oppnemnt av prosjektansvarleg, og er leiar av prosjektgruppa. Prosjektleiar er delegert ansvar for gjennomføring av prosjektet. I dette arbeidet inngår å følgje opp kontrakten med aktuelle leverandørar i prosjektet. Kontraktoppfølgingsaktivitetane inneberer kontraktgjennomgang, oppstartsmøte med leverandør, endringshandtering, avvikshandtering, økonomistyring/kontroll, fullmakter, ferdigsynfaring og overtakingsforretning. Prosjektleiarane vi har intervjuar nemner at det er eintydig praksis at prosjektleiar har ansvar for å følgje opp kontrakten i tråd med rolle- og ansvarsavklaringa i kvalitetssystemet.

Prosjektleiarane held fram at dei brukar prosjekthandboka i kontraktsoppfølgingsarbeidet, men at dei også brukar NS-standardane som seier noko om korleis kontraktar skal følgjast opp. I NS-kontraktane er det lista opp korleis kontrakten skal følgjast opp, og praksisen som følgjar av NS-kontraktane er i bransjen vurdert som god praksis for kontraktsoppfølging.

Vi vil først skildre hovudmomenta frå korleis kommunen har følgd opp dei fem utvalte avtalane. Vi presenterer så nokre generelle observasjonar, og til sist våre vurderingar.

Dei fem utvalt kontraktane er:

Nr.	Leverandør	Namn på kontrakt	Kontraksverdi eksl. Mva
1	Abyss Subsea AS	Sjøledningar - SKT.	6 462 582 NOK
2	Engelsen Entreprenør AS	Bjallandsløkjen/Hornelandsvågen AP, VM - SKT	2 295 110 NOK
3	Engelsen Bygg AS	Snøggghjelp - SKE.	41 477 000 NOK
4	Fronta Bolig Bygg AS	Hystad Skule – Lukke avvik arbeidstilsyn - SKE	12 737 500 NOK
5	Landmark Maskin AS	VA – Byrkjelandsløkjen til Skersholmene	25 602 192 NOK

4.2.2 Oppfølging av kontrakt med Abyss Subsea AS

Avtalen gjeld legging av sjøledning mellom Skjærsholmane og Kårevik. Kontrakten vart inngått av Stord kommunalteknikk på vegne av Stord kommune som byggherre.

På denne kontrakten var det ein prosjektleiar i Stord kommunalteknikk som var ansvarleg for oppfølginga av kontrakten, og var kontraktansvarlig i lag med leiar for plan og utvikling, samt prosjektansvarleg. Det var avklart at kontraktoppfølgingsansvaret vart tildelt og følgde rolla som prosjektleiar. Prosjektleiar held fram at han i samråd med byggeleiar følgde opp kontrakten. Byggeleiar på denne kontrakten var ein ekstern aktør. I tillegg vart konsulentar frå Norconsult brukt til å utarbeide kontraktsdokumenta.

KPMG har fått tilsendt dokumentasjon som viser at prosjektleiar har gjennomført kontraktavklaringsmøte med Abyss Subsea AS kor også konsulentane frå Norconsult deltok. I dette møtet vart det avklart mellom anna framdrift og utføring av prosjektet.

Prosjektleiar for dette oppdraget opplyser at det var fleire utfordringar med denne kontrakten og leverandøren fordi leverandøren ikkje leverte på kvalitet og framdrift, trass i at dette var avklart i kontraktavklaringsmøtet. Dette vart oppdaga gjennom tett og dokumentert oppfølging, samt bekymringsmeldingar frå publikum. På grunn av manglande kvalitet og framdrift valte kommunen å utsette betalinga inntil leverandøren leverte i samsvar med kontrakten. Vidare vart det varsla og utstedt dagsbøter i samsvar med kontrakten som følgje av manglande leveranse frå Abyss Subsea AS.

Stord kommune kan dokumentere at Abyss Subsea AS sendte inn fleire endringsmeldingar, men at kommunen avviste dei fleste endringane med grunngjeving i at endringane ikkje vart varslet tidsnok, og fordi årsakene til endringane er tilhøve som entreprenøren rår over og var derfor behandla som avvik i leveransen, ikkje endringar i prosjektet.

Det vart gjennomført eit avslutningsmøte med leverandøren kor leiinga i Abyss Subsea AS, prosjektansvarleg, prosjektleiar og byggeleiar deltok. Prosjektleiar laga også ein sluttrapport for prosjektet. Det vart ikkje gjennomført ei sluttsynfaring fordi dette ikkje var praktisk mulig på undervatnsleidningar, men leidningsnettet vart filma som dokumentasjon på visuell sluttkontroll.

4.2.3 Oppfølging av kontrakt med Engelsen Bygg AS

Kontrakten gjeld totalentreprise av legevaktbygget i Stord kommune. Kontrakten vart inngått av Stord kommunale eigedom på vegne av byggherre Stord kommune.

Prosjektleiar på dette prosjektet slutta før prosjektet var ferdigstilt, og prosjektansvarleg gikk derfor inn som prosjektleiar. Det vart tidlig i prosjektfasen avklart at det er prosjektleiar som har hovudansvar for kontraktoppfølging, men kan støtte seg på prosjektgruppa og økonomiavdelinga.

Ein forstudie og eit forprosjekt vart gjennomført av rådmannen før Stord kommunale eigedom overtok prosjektet og kunngjorde konkurransen. Prosjektleiari, fagsjef og prosjektansvarleg inngjekk i prosjektgruppa på dette prosjektet, men prosjektleiari slutta før prosjektet var ferdigstilt, og prosjektansvarleg tok då over rolla som prosjektleiari.

Prosjektleiari påpeiker at kontraktsoppfølgingsarbeidet ved totalentreprisar avheng av ein god forstudie og godt forprosjekt. Viss denne fasen av prosjektet er mangelfull er det enklare for entreprenøren å krevje endringar og tillegg ved prosjekteringa og utføringa av prosjektet. Det vart meldt om endringar på dette prosjektet og endringsmeldingane inngår som ein del av kontraktokumentasjonen KPMG har mottatt. Endringane vart vurdert internt før dei eventuelt vart godkjent med signatur. Prosjektleiari påpeiker at nokre endringar vart avvist fordi dei allereie var regulert av kontrakten. Prosjektleiari påpeikte i intervju at det er viktig at alle prosjektleiare kjenner kontrakten godt, då fleire tillegg og endringar som leverandøren fremjar ofte er regulert av kontrakten. Dette prosjektet kosta 1,5 millionar meir enn budsjettert på grunn av tillegg som oppstod undervegs. Prosjektleiari vurderar ikkje dette som avvik på kontrakten.

I dette prosjektet vart betalningar kontrollert fortløpande og prosjektleiari nemner at leverandøren følgde betalingsplanen i samsvar med kontrakten.

Legevaktbygget var i drift i februar 2017, og i forkant av ferdigstillinga vart det gjennomført ferdigsynfaring. KPMG har ikkje mottatt dokumentasjon som viser at prosjektet vart skriftleg slutt-evaluert, men prosjektleiari nemner at dette ikkje alltid vert gjort. Det vart gjennomført eitt års synfaring av bygget, noko som prosjektleiari påpeikar alltid vert gjort på slike prosjekt. Det vart påpeikt at prosjektet vart gjennomført utan at ein har hatt avvik frå kontrakten.

4.2.4 Oppfølging av kontrakt med Fronta Bolig Bygg AS

Avtalen gjeld totalentreprise av nybygg ved Hystad Skule. Kontrakten vart inngått av Stord kommunale eigedom på vegne av Stord kommune som byggherre.

Prosjektleiari har ansvar for oppfølging av leverandøren og kontrakten. På dette prosjektet vart det nytta ein ekstern kontrollutførande til å følgje opp både prosjekteringa og utføringa. Fronta Bolig Bygg AS vart følgt opp gjennom byggherremøte, prosjekteringsmøte og kontroll på byggeplassen.

Prosjektleiaren påpeiker at dess betre forstudie og forprosjekt som utførast av kommunen, jo betre fungerer samarbeidet med entreprenøren. Byggherre og entreprenør sikra felles forståing for korleis prosjektet skal gjennomførast i eit avklarings/forhandlingsmøte. I dette møtet vert planløyising, teknisk løyising, teknisk standard diverse krav og ansvarsområde avklart.

Det følgjer av betalingsplan og kontrakt at leverandøren skal fakturerast ein gong i månaden. Prosjektleiari tok imot og følgde opp fakturaer opp mot betalingsplanen. På dette prosjektet følgde også prosjektansvarleg opp fakturaene frå leverandøren.

I dette prosjektet vart det gjort endringar, og endringsmeldingane vart signert av prosjektleiari på summar opp til 100 000 NOK. For endringar større enn denne summen var det prosjektansvarleg som signerte og godkjente. Prosjektansvarleg vart fortløpande gjort kjent med alle endringsmeldingane. Endringsmeldingane vert lagra og lagt inn som ein del av prosjektdokumentasjonen. Sjølv om det var gjort nokon endringar på prosjektet, opplyser prosjektleiari at det ikkje var større avvik i leveransen frå Fronta Bolig Bygg AS

Prosjektet vart sluttvurdert gjennom sluttsynfaring og sluttevaluering. Prosjektleiari opplyser at Fronta Bolig Bygg AS leverte i samsvar med kontrakt, og ein hadde ingen spesielle utfordringar i høve til leveransen.

4.2.5 Oppfølging av kontrakt med Landmark Maskin AS og Engelsen Entreprenør AS

Prosjektet gjaldt grunnarbeid for bygging av ny sykkel- og gangsti, og grunnarbeid og legging av nytt vatn og avløpsanlegg ved Byrkjelandsløkjen VA-anlegg. Kommunen hadde ei utlysning på Doffin kor ein ba om to entreprisar. Landmark Maskin AS og Engelsen Entreprenør AS vart tildelt kontraktane.

Ladmark Maskin AS utførte oppgåver knytte til nytt VA-anlegg og grunnarbeid for bygging av ny sykkel- og gangsti. Engelsen Entreprenør utførte oppgåver knytt til det tekniske bygget som inneheld pumpestasjon, trafo og vassmålarstasjon. I kontraktmøtet med Engelsen Entreprenør AS vart det avklart at grunnarbeidet, som skildra i kontrakten, vart tatt ut og overført til Landmark Maskin AS som hadde kontrakt på leidningarbeidet i prosjektet. Betongfundamentet i grunnarbeidet til pumpestasjonen vart liggjande igjen i Engelsen Entreprenør AS sin kontrakt.

Prosjektleiari på dette prosjektet hadde ansvaret med å følgje opp begge leverandørane. Prosjektleiari held fram at dette var naturleg då desse anskaffingane tilhøyrar same prosjekt og hang derfor saman. Kontraktoppfølgingsfasen vart også utført på same måte overfor begge leverandørane, noko som gjer det naturleg å beskrive kontraktoppfølginga for desse kontraktane i same delkapittel.

Prosjektleiari påpeikte at ansvaret som prosjektleiari, og ansvaret som medfører det å følgje opp kontrakten følgjer av prosjekthandboka. Prosjektleiari er tydeleg på at på at det ved denne typen kontraktar er det viktig å kontrollere faktisk levert mengde. Dette vart gjort ved at leveransen vart målt underveis, og leverandørane dokumentere levert mengde. Prosjektleiari påpeikar at å krevje dokumentert levering sikrar at leveransen er styrbar og enklare å følgje opp. I dette prosjektet vart det avhalden byggemøte kvar 14. dag. Det vart skrivne referat frå møta.

Ansvarsfordelinga mellom Stord kommunalteknikk og leverandørane vart avklart i eit anbodssynfaringsmøte. I dette møtet kunne leverandørane stille spørsmål og oppdragsgjevar kom med avklaringar for oppdragsforståinga. Det vart mellom anna avklart i tråd med oppdragsbeskrivinga at skader på asfaltdekket på E39 skal dekkast av leverandøren.

I dette prosjektet kjøpte Stord kommune konsulenttenester frå Multiconsult. Rollefordelinga mellom Stord kommunalteknikk, Landmark Maskin AS, Engelsen Entreprenør AS og Multiconsult AS vart avklart i to kontraktmøte. Multiconsult fekk i oppgåve å mellom anna skrivne utkast til kontraktane som baserte seg på NS 8405. Multiconsult sendte også førehandsmelding til arbeidstilsynet.

For kvar endring Landmark Maskin AS og Engelsen Entreprenør AS leverte, sendte dei også ei komplett endringsliste. På denne måten meiner prosjektleiari at han har løpande og detaljert oversikt over alle endringar. Endringsmeldinga frå leverandøren vart eventuelt godkjent ved at det vart utarbeida ein endringsordre. Prosjektleiari nemner at det kan bli meldt om endringar som følgje av at det manglar postar i beskrivinga i kontrakten, eller at kommunen gjer endingar i prosjektet slik at ein må gjere ei tilleggsbestilling.

Byggeleiari rapporterar endringar og økonomi i prosjektet kvar månad. Det er byggeleiari som også godkjenner fakturaer. Byggeleiari godkjenner faktura ved å kontrollere om leveransen er i samsvar med fakturaen.

Dette prosjektet er ikkje ferdigstilt. Prosjektleiari nemner at når prosjektet skal avsluttast mottek han ein sluttrapport frå Landmark Maskin AS og Engelsen Entreprenør AS. Deretter vil prosjektleiari gjennomføre ein sluttsynfaring for å vurdere leveransen og eventuelt påpeike problem/avvik. Etter at prosjektet er godkjent og overlevert vil prosjektleiari utarbeide ein sluttrapport og gjennomføre eit sluttmøte med leverandørane.

4.2.6 Testing av utbetalningar i høve til avtalte rammer

Som del av grunnlaget for å vurdere i kva grad Stord kommune har ein systematisk oppfølging av kontraktane har KPMG testa følgande:

- ✓ om det er gjort utbetalningar med avvik frå pris- og betalingsvilkår i kontrakten/rammeavtalen
- ✓ om det er kjøpt varer eller tenester (leveranser) som avviker frå type vare eller tenester avtalt i kontrakten/rammeavtalen

Kort oppsummert vart det ikkje funne avvik i gjennomgangen. Detaljar om testen og resultat ligg i vedlegg 2.

4.2.7 Generelle observasjonar av kommunens kontraktsoppfølging

Vi etterspurde oversikt over kommunen sine gjeldande innkjøpsavtalar, og fekk rett etter innkjøpskontoret sin oversikt over kommunen sine fellesavtalar/rammeavtalar, som vert forvalta av innkjøpsforumet. Denne oversikten viser kva for tenester leverandørane skal levere, kontaktperson hos leverandøren, avtaleperiode og kva kommunar som er avtaleansvarleg.

Vi etterspurde også ein kontraktoversikt som viser avtaler som vert forvalta av tenesteområdet næring, miljø og kultur. Vi fekk avklart at eininga ikkje har eit slikt kontaktregister som viser kva for kontraktar tenesteområdet sjølv har ansvar for. Vi fekk ein oversikt over kva for vedlikehaldsavtalar Stord kommunale eigedom forvaltar, men denne oversikten viser berre kva tenester avtalen gjeld, og namn på leverandørane. I lista vi fekk er det ingen standardisert oversikt, som til dømes gjev oversikt over avtalenamn, avtaleperiode, kontraktsverdi og kontraktsansvarleg.

I kommunen sitt kvalitetssystem for gjennomføring av byggeprosjekt i Stord kommune, beskrivast prosessen for gjennomføring av kommunale byggeprosjekt. I innleiinga i kvalitetssystemet heiter det at systemet er eit verktøy for prosjektleiar og byggjeleiarar, men kan også nyttast av andre som ser nytte av innhaldet i systemet knytt til mindre prosjekt. Kvalitetssystemet inneheld omgrep/ rolledefinisjonar og beskrivingar av aktivitetane som inngår i byggeprosjekt, mellom anna kontraktsoppfølgingsaktivitetar. I intervju med prosjektleiarar nemnes dette kvalitetssystemet i liten grad, og prosjektleiarar påpeiker at dei nyttar NS-kontraktane som rutine for kontraktsoppfølging.

4.3 Vurderingar

Vår hovudvurdering av kommunen si oppfølging av kontraktar er at ansvar for kontraktsoppfølging vert plassert og at det går føre seg mye god oppfølging av kontraktar i praksis ved enkeltpersonar i Stord kommune.

Prosjektleiarane følgjer opp kontraktane i samsvar med NS-standarden. Dette, kombinert med god rolleavklaring i prosjekthandboka, vurderer vi at bidrar til god praksis i kommunen for kontraktsoppfølging innanfor kontraktane som er vurdert.

Prosjektleiarane nemner i liten grad interne prosedyrar for kontraktsoppfølging som ligg i kvalitetssystemet for byggeprosjekt i Stord kommune. Dette kan ha ein samanheng med at tiltaka for kontraktsoppfølging som følgjer av kvalitetssystemet overlappar med praksisen som går fram av NS-standarden. Om manglande bruk av interne prosedyrar som ligg i kvalitetssystemet har konsekvensar for kontraktsoppfølgingsaktiviteten er ikkje sikkert, då prosjektleiarane allereie arbeider i samsvar med NS-standarden som vi vurderer legg til grunn god praksis for kontraktsoppfølging. Det kan også tenkjast at prosjektleiarane viser til kvalitetssystemet når dei viser til prosjekthandboka da kommunen er i ein prosess kor prosjekthandboka skal implementerast i kvalitetssystemet. Denne prosessen hadde så vidt begynt når denne forvaltningsrevisjonen vart gjennomført.

Intervjudata viser at prosjektleiarane primært brukar NS-standarden for kontraktsoppfølging. I den grad kommunen har prosedyrar for aktivitetane som inngår i kontraktsoppfølgingsarbeidet, vurderer vi at desse ikkje er gjort godt nok kjent i verksemda. Kvalitetssystemet er eit nyttig verktøy og meir omfattande bruk av disse prosedyrane kan sikre betre struktur og gjennomføring av kontraktsoppfølgingsaktivitetane.

Samtidig vurderer vi at kontraktsoppfølga innanfor Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom er noko sårbar og personavhengig, da kontraktsoppfølginga i dag fordrar kjennskap til NS-standardane. Vi vurderer at innhaldet i kontraktsoppfølgingsansvaret kan i større grad bli definert og formalisert gjennom eigne prosedyrar og rutinar som kan gjenbrukas.

Nedanfor blir vår hovudvurdering underbygd.

4.3.1 Førebuing av kontraktsgjennomføring

Ein grunnleggande føresetnad for å sikre oppfølging og kontroll av inngåtte kontraktar, er at ansvaret vert avklart. Etter vår vurdering har ansvaret for oppfølging og bruk av avtalene i all hovudsak vore avklart i dei avtalene som her er undersøkt. Etter vår vurdering har alle kontraktane i praksis hatt ein klar kontraktforvaltar, då kvar avtale er knytt til ein konkret prosjektleiar og prosjektleiaren er tildelt ansvaret med å følgje opp kontrakten. Ein positiv observasjon er at prosjektleiaren brukar prosjektgruppa og økonomiavdelinga til å assistere i kontraktsoppfølgingsarbeidet.

Rolle- og ansvarsavklaringa mellom kommunen, leverandør og eventuelle eksterne konsulentar er avklart og følgjer av referatførte kontraktsmøte, sluttmøte og byggemøte. Ansvaret for kommunikasjon med leverandør, samt totaloversikt over tilleggsbestillingar/endringsmeldingar og fakturakontroll, er tydeleg plassert hjå prosjektleiar på alle kontraktane vi vurderte.

4.3.2 Bruk av kontraktane

Vi vurderer at kommunen i hovudsak har hatt ein systematisk bruk av dei undersøkte kontraktane når det gjeld oppfølging av bestilling og leveranse, kontroll med betalningar og vurderinga av endringsmeldingar.

Intervjudata og referat frå møter held fram at prosjektleiarane brukar og viser til kontrakten når dei følgjer opp kvalitet og kvantitet leveransen, samt kontroll med betalningar. Når leverandørane leverer endringsmeldingar viser prosjektleiarane god evne til å bruke kontrakten som grunnlag for å godkjenne eventuelt avvise endringane. Vurderingane prosjektleiarane gjer i høve med dette arbeidet er godt dokumentert, og vi vurderer at prosjektleiarane har god innsikt i kva kontrakten reguler.

Kommunen har skriftlege og systemmessige fellesrutinar for kontroll av fakturaer som sikrar god kontroll og arbeidsdeling, i den grad disse rutineane blir etterlevd. På bakgrunn av våre testar og den skildringa vi fekk av praksis i intervjuene, vurderer vi at kontrollen med bestilling, leveransar og utbetalningar i hovudsak har vore gode i dei utvalgte kontraktane. Det var erfart avvik frå avtalte leveranser i form av tidsforskyving og manglende levering av kvalitet ut frå den gjeldande kontrakten. Etter det vi kan sjå har dei ansvarlege for kontraktsoppfølging vore i tett dialog med leverandørane i samband med desse avvikene. Ein positiv observasjon under dette punktet er at prosjektleiar nyttar mogleigheiten til å halde attende betaling i slike situasjonar til dømes i kontrakten med Abbys Subsea AS.

4.3.3 Forvaltning av kontrakt overfor leverandør

Rapporten "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" understrekar at kommunen sitt system for kontraktsoppfølging bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar for å redusere risiko når det gjeld handtering av endringsordrar og tilleggsarbeid. Dersom ytingane som leveres endres i høve til det som er avtalt i kontrakten, kan endringa i realiteten vere ein ulovleg direkte anskaffing. Det er derfor viktig å ha kontroll på eventuelle endringar som gjerer i kontrakten.

Endringsstyring er ei typisk oppgåve som vert knytt til ein kontraktforvaltar, som har ansvar for å følgje opp kontrakten ovanfor leverandøren for å sikre smidig gjennomføring, og avdekke avvik i tide for å kunne rette desse. Kontraktforvaltar har også fortløpande styring og kontroll med endringane og

summen av endringane som gjerer i avtaleforholdet. Endringshandtering blir halde fram i intervju som ei generell utfordring med kontraktar som vert inngått av Stord kommunalteknikk, fordi arbeidet som utføres ofte gjerer under bakken noko som kan føre til at det dukkar opp upårekna forhold og omstenda.

For endringshandtering i prosjekt er spørsmålet korleis kommunen er budd for å handtere situasjonar når behovet for endringar uunngåeleg oppstår. Vesentleg for god kontraktsoppfølging er her at kontraktforvaltar har god forståing for kva kontraktar ein har og korleis dei spesifikke kontraktvilkåra regulerer endring når behovet for endring/tillegg oppstår. Kontraktforvaltar bør også sikre at andre relevante partar får kjennskap til korleis kontrakten regulerer endringar. Der det er usikkerhet og tvil om korleis endringar handterast, går partane til kontrakten for å bli einig om korleis det skal handterast. Ein positiv observasjon i dette høve er at Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom brukar NS-kontraktar som er godt kjent i entreprenørbransjen, og desse regulerer endringsmeldingar.

Når det gjeld dei fem undersøkte avtalene vurderer vi at dei med kontraktansvar har sytt for at det har vore ein formell og dokumentert handtering av endringsordrar og tilleggsbestillingar. Vi vurderer også at prosjektleiarane på dei fem kontraktane vi har vurdert viser god forståing for kva som skal godkjennast som endring i prosjekta, altså om endringa som oppstår er eit høve som er regulert av kontrakten.

Det er ikkje alle kontraktane vi har vurdert som er avslutta, men for dei som er avslutta har prosjektleiar gjennomført dokumentert sluttsynfaring med leverandøren. På disse møta vurderer prosjektleiar levert leveranse opp mot kontrakten, og påpeiker eventuelle avvik. Ein positiv observasjon er at prosjektleiarane tek hand om denne oppgåva, og går langt i å sikre kontroll av leveransen til dømes i kontrakten med Abbys Subsea AS kor leidningsnettet under vatn vart filma for å sikre ferdigsynfaring og sluttkontroll. Samstundes er det eit behov for å etablere systematisk praksis for å gjennomføre og dokumentere sluttevalueringar av prosjekta. Dette blir ifølgje fleira prosjektleiare sporadisk utført.

4.3.4 Formalisering

Det er viktig å sikre at sentrale oppgåver som inngår i kontraktsoppfølging er forstått og teke vare på av dei som får ansvar for kontraktsoppfølging. Dette bør vere nedfelt i ein prosedyre. Vi vurderer at prosedyrane som inngår i kvalitetssystemet til Stord kommune i tilstrekkeleg grad teikner aktivitetane som inngår i kontraktsoppfølgingsprosessen, men vi stiller spørsmål ved om desse er gjort godt nok kjent i verksemdene.

I dag er det praksis i kvar enkelt avdeling – og av enkeltpersonar -som sikrar god kontraktsoppfølging. Bruk av NS-kontraktar som rutine for kontraktsoppfølging er utbredt i einingane vi vurderte, og vi vurderer at prosjektleiarars kjennskap til desse er sentral for i kva grad kontraktane blir følgd opp. Dette kan naturleg nok føre til variasjon i korleis og i kva grad man følgjer opp kontraktane. Vi vurderer derfor at det er en viss grad av personsårbarhet på området i dag, og vurderer samstundes at det vil vere hensiktsmessig at kommunen i større grad gjer prosedyrane i kvalitetssystemet kjent for prosjektleiarane. Vi vil likevel påpeike at prosjektleiarane på dei fem kontraktane vi har vurdert har sikra god kontraktsoppfølging, og at omfanget av kontraktsoppfølging naturleg nok kan variere frå kontrakt til kontrakt ut i frå størrelse og kompleksitet på prosjekta.

Etter vår vurdering er det sentralt at ein har tryggleik for at nokon tek vare på kvar sentrale oppgåve i kontraktsoppfølgingsprosessen, slik at kommunens interesser blir tilstrekkeleg tatt hand om i heile løpet fram til kontrakttilhøvet avsluttast. Praksisen hos prosjektleiarane på dei fem kontraktane vi har vurdert tilseier at dette har blitt gjort.

5. Anbefalingar

KPMG vil her komme med anbefalingar på områdene der det i forvaltningsrevisjonen er funne avvik eller forbedringspotensiale.

Anbefalingane er formulert på bakgrunn av vurderingane, og peiker på område kor kommunen etter vår vurdering i første omgang bør prioritere å gjere tiltak for å betre sin styring og kontroll med innkjøp og kontraktar. Dette for å sikre at kommunen etterlever gjeldande regelverk og oppnår god kontraktsoppfølging.

Våre tilrådingar er at Stord kommune prioriterer følgande:

1. Kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
 - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
 - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. Vi rår til at einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. Kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.

I vedlegg 5 er tatt inn eit eksempel på innhald i ein generell rutine for kontraktsoppfølging. Denne kan brukas som eit utgangspunkt for å definere og synleggjere kontraktsoppfølginga i Stord kommune.

6. Rådmannens utsegn

Uttale i samband med forvaltningsrevisjon av "Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging"

KPMG har på oppdrag frå kontrollutvalet gjennomført ein forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging i Stord kommune. Rådmannen fekk den 13. september 2018 den endelege rapporten uttale.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å vurdere om Stord kommune har ei føremålstenleg og tilstrekkeleg styring med innkjøp og kontraktar for å ivareta krav i lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Rapporten syner at kommunen har etablert tiltak, prosedyrar og opplæring for å setta medarbeidarar i stand til å ivareta ansvaret sitt i anskaffingsprosessar, at prosjektleiarane sikrar god kontraktsoppfølging og at kommunen sine interesser vert ivaretekne gjennom heile løpet fram til kontraktstilhøvet vert avslutta. Samstundes peikar rapporten på ein del viktige forbetringpunkt.

Rådmannen er oppteken av at kommunen har gode rutinar og god praksis på innkjøp og oppfølging av kontraktar. Kommunen har nyleg styrka innkjøpsfunksjonen særskilt i høve til anskaffingar innanfor bygg og anlegg, og tok i juli i år i bruk eit nytt verkty for gjennomføring av konkurransar (KGV). Stord kommune si interne prosjekthandbok vil snart liggja føre i revidert utgåve.

Rådmannen noterer seg KPMG sine tilrådingar som nyttige innspel til det vidare arbeidet.

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Vedlegg 1 Dokumentliste

Felles innkjøpsveiledning som er tilgjengelig på kommunens intranett

- ✓ Avtale om interkommunalt innkjøpsarbeid
- ✓ Retningslinjer for innkjøpssamarbeid
- ✓ Anskaffingsreglement Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum, revidert 2018
- ✓ Anskaffingsstrategi Sunnhordaland interkommunale innkjøpsforum, revidert 2018
- ✓ Anskaffingsrettleiar 2018, revidert 06.04.18
- ✓ Instruks interkommunal innkjøpssjef
- ✓ Mal for konkurransegrunnlag del 1 versjon 1.1, 2016
- ✓ Mal for konkurransegrunnlag del 1 og 2 open anbuds konkurranse versjon 1.1, 2016
- ✓ Mal for konkurransegrunnlag del 1 og 3 open anbuds konkurranse versjon 1.1 2016
- ✓ Kvalitetssystem for gjennomføring av byggeprosjekter i Stord kommune, revidert 15.03.02
- ✓ Leverandørversikt Stord kommunale eidegom
- ✓ Diverse maler for kontraktsoppfølgingsaktiviteter
- ✓ Diverse maler for innkjøp i Stord kommunale eidegom
- ✓ Oversikt over innkjøpsavtalar pr. 08.03.18
- ✓ Leverandørreskontro 2017 Stord kommune

Dokumentasjon i forbindelse med testet utvalg problemstilling 1.

- ✓ Hvilken type dokumentasjon som er gjennomgått i forbindelse med de enkelte kjøpene og kontraktene som har vært gjenstand for undersøkelse i denne forvaltningsrevisjonen fremgår av tabellene i kapittel 2.2

Vedlegg 2 Test av utbetalingar

Fremgangsmåte

Som del av grunnlaget for vurderinga av i kva grad Stord kommune har ein systematisk oppfølging av kontraktane har KPMG testa:

- ✓ om det er gjort utbetalingar med avvik frå pris- og betalingsvilkår i kontrakten/rammeavtalen
- ✓ om det er kjøpt varer eller tenester (leveransar) som avviker frå type vare eller teneste avtalt i kontrakten/rammeavtalen

Vi har testa eit utval av fem kontraktar lik dei vi vurderte under problemstilling 3.

For å teste avvik i forhold til pris- og betalingsvilkår og avtalte leveransar har vi henta inn minimum ein tilfeldig utvalt faktura for kvar av dei utvalte kontraktane. Informasjon om pris- og betalingsvilkår og kva som er levert er deretter sett i høve til innhaldet i den enkelte kontrakt/avtale (sjå tabell 1).

Testmatriser

Leverandør	Kontraksnavn	Fakturanr.	Test pris- og bet.vilkår	Test type leveranse
Abbys Subsea AS	Sjøledningar - SKT.	31403 - delfaktura	IA	OK
Engelsen Entreprenør AS	Bjallandsløkjen/Hornelandsvågen AP, VM - SKT	10052 - slutfaktura	OK	OK
Engelsen Bygg AS	Snøggjelp - SKE	10089 - delfaktura	IA	OK
Fronta AS	Boligbygg Hystad Skule – arbeidstilsyn - SKE	Lukke avvik 42249 - delfaktura	IA	OK
Landmark AS	Maskin VA – Byrkjelandsløkjen Skershholmane	til 18823 og 19029 – delfaktura	IA	OK

Tabell 1: Test av utbetalingar mot avtalte pris- og betalingsvilkår og leveransar

Oppsummering av identifiserte avvik og kommentarar

Metodisk var denne undersøkinga ein utfordring fordi leverandørane har forskjellig praksis for fakturering. Kjøpet frå Engelsen Entreprenør AS er ferdigstilt og vi fekk ein slutfaktura. For dette kjøpet kunne vi vurdere om totalbeløp og type leveranse i fakturaen samsvarer med kontrakten. For dei andre kjøpa fekk vi tilsendt delfakturaer. Delfakturaen viser enkelt kjøp gjort undervegs i prosjektet, men sidan kontrakten ikkje regulerer enkelt kjøp – berre total sum, er det vanskeleg å lese ut i frå fakturaen om beløpet samsvarer med kontrakten. Det vi kan lese ut i frå desse fakturaene er kva det fakturerast for, altså type leveranse og om denne leveransen samsvarer med kontrakten. Testen viser at pris- og betalingsvilkår så langt vi kan vurdere, og type leveranse er i samsvar med de respektive kontraktane.

Vedlegg 3 Revisjonskriterier

DEL A – Anskaffelsesprosessen

Lov om offentlige anskaffelser

Lov og forskrift om offentlige anskaffelser er brukt som kilde til å utlede revisjonskriterier. Da utvalget av innkjøp og kontrakter som ligger til grunn for vurderingene i rapporten er anskaffelser som ble gjennomført før og etter 1.1.2017, er revisjonskriteriene avledet fra anskaffelsesregelverket fra 2006 og anskaffelsesregelverket som trådte i kraft 1.1.2017.

I lov om offentlige anskaffelser er § 5 om grunnleggende krav til offentlige anskaffelser brukt som revisjonskriterium.

§ 5. Grunnleggende krav

- Oppdragsgiver skal opptre i samsvar med god forretningsskikk, sikre høy forretningsetisk standard i den interne saksbehandling og sikre at det ikke finner sted forskjellsbehandling mellom leverandører.
- En anskaffelse skal så langt det er mulig være basert på konkurranse.
- Oppdragsgiver skal sikre at hensynet til forutberegnelighet, gjennomsiktighet og etterprøvdhet ivaretas gjennom anskaffelsesprosessen.
- Utvelgelse av kvalifiserte anbydere og tildeling av kontrakter skal skje på grunnlag av objektive og ikke-diskriminerende kriterier.
- Oppdragsgiver skal ikke
 - a. diskriminere mellom leverandører på grunnlag av nasjonalitet,
 - b. bruke standarder og tekniske spesifikasjoner som et virkemiddel for å hindre konkurranse, eller
 - c. dele opp en planlagt anskaffelse i den hensikt å unngå at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov kommer til anvendelse

Forskrift om offentlige anskaffelser 07.04.2006

"Forskrift om offentlige anskaffelser" inneholder flere deler. Hver del av forskriften stiller opp ulike krav til anskaffelsene, alt etter anskaffelsenes verdi:

- Del I har krav for alle anskaffelser, uavhengig av verdi. Oppdragsgiver kan velge å bare følge del I dersom anskaffelsens verdi er på 500 000 kr. eller mindre.
- Del II har krav for anskaffelser med en verdi mellom kr. 500 000 og EØS-terskelverdier
- Del III har krav for anskaffelser der den anslåtte verdi overstiger EØS-terskler, som er 1.55 mill. kr. ekskl. mva for vare og tjenestekontrakter og 39 mill. kr. ekskl. mva for bygge- og anleggskontrakter.¹²

Nedenfor har vi listet revisjonskriterier som er brukt i denne forvaltningsrevisjonen for avsjekk av gjennomførte anskaffelser iht. de ulike delene av forskriften.

Del I - Krav til alle anskaffelser

For alle anskaffelser skal Stord kommune ivareta grunnleggende krav til alle anskaffelser (§ 3-1):

- ✓ Kjøpet er basert på konkurranse
- ✓ Leverandørene likebehandles

¹²Gjeldande frå 15.6.2014

